

Krigsminne frå Bjerkreim:

Minnes fæle aprildagar i 1940



*FÆL TID: Anders Veen hugsar godt kampene i Gloppedalen.
I timevis var det skyting i ura. Stova på Veen vart omgjort til lasarett.*

*

Denne artikkelen stod i Dalane Tidende 27. april 2015.

*Då tyske og norske soldatar barka saman i Gloppedalen, var Anders Veen sju år. Han
hamna mitt oppi dramaet i aprildagane for 75 år sidan.*

Tekst og foto Merete Horpestad

*

Dei første minna Anders Veen har frå krigen, er frå invasjonen 9. april. Han vakna av at tyske, tunge bombefly fauk lågt over garden på Veen – på veg mot Sola.

– Det var ein fæl dag. Det var fryktelig uhyggelig. Eg gløymer det aldri, fortel han. Dei neste dagane gjekk rykta om at tyskarane var på veg til Veen.

– Ei natt rømde me til ein nabogard og overnatta der. Me låg på golvet. Bare far var igjen heime. Han måtte stella kreatura , fortel Anders Veen. Men tyskarane kom ikkje den natta. Dei kom 22. april. – Dei gjekk fire i breidda. Dei var mange. Det var heilt svart av militærfolk, seier Veen.

Brua på Malmei var sprengt, så tyskarane kom ikkje fram med kjøretøy. – Dei hadde bare nokon små granatkastarar med seg, hugsar 82-åringen.

På Veen klypte tyskarane telefonlinjene. – Det blei ein fæl sjau. Dei leitte etter soldatar og

kommanderte og skreik. Dei var fælt brutale, minnes han, sjølv om han bare var sju år då dei dramatiske hendingane fann stad.

Han hugsar at ein av soldatane slo telefonen flat med geværet sitt, mens han brølte noko forferdelig.

Etter å ha fare over alle husa på Veen, begynte dei tyske soldatane å marsjera mot Gloppedalsura. Då følgde timar med skyting. Då det begynte å mørkna, blei det skote med sporlys. – Me såg det, meinnes Anders Veen.

Ein nordmann mista livet i kampene. Det er usemje om kom mange tyskarar som fall, men minnetavla i ura opererer med 44. Mange blei skadde. Anders måtte sova på loftet den natta. Tyskarane brukte stova som lasaret. Det blei lagt halm utover heile stovegolvet, som soldatane kunne liggja på, og bordet fungerte som operasjonsbenk.

– Bestefar var med og sjekka dei. Dei oia og skrek fælt. Det var ei fæl natt, seier Anders Veen.

Då han skulle ut neste dag, snubla han nesten over tre døde tyskarar. Éin var skoten i hovudet, éin var skoten i brystet. Bestefaren hans såg til at dei vart flytte til låvebrua.

Som ei mellombels løysing blei fallne tyskarar gravlagde på Veen. – Dei stelte veldig godt med gravene. Dei planta og peiste, fortel han.

Forviten som han var som gutunge, var han og kikka då tyskarane grov opp kistene igjen for å flytta dei til Eiganes i Stavanger.


At tyskarane kom til å kapitulera ein dag var han heilt overtydd om. – Me hadde jo heimefronten. Det visste me, fortel han. Likevel var det nesten vanskelig å tru det, den dagen fredsbodskapen kom. Det var svært, seier Anders Veen. Han har aldri hatt mareritt om aprildagane for 75 år sidan. Men han minnes det som ei fæl tid.

*

KAMPANE I GLOPPEDALSURA




Soldatene i Gloppedalsura fikk en stri tørn. Her ser vi noen som har funnet seg en hvileplass i steinura. De lå på bare berget med en kappe eller et ullteppe over seg.




Fra slaget i Gloppedalsura 22. april ved 21-tiden. I svingen ser vi falne tyskere. (Tegning: Hauge.)



De to brukbare mitraljø-sene i Gloppedalsura skjøt enorme ammuni-sjonsmengder mot tyskerne i løpet av dagen, og ga det avgjørende bidrag i kampen. Håndtakstykkene på Ernst Eng's våpen ble svartbrent. I forgrunnen Ås, og i bakgrunnen fenrik Daniel Rommetvedt og Knut Edw. Andresen. Stedene er idag markert med to stenvarder.




De tyske troppenes retrett til Veen den 22. april. (Tegning: Hauge.)



De siste kampene med tyskerne. Her er de 25 meter fra de norske styrkene. Det var begynt å mørkne, og tyskerne trakk seg tilbake. (Tegning: Hauge.)



En norsk soldat ble dødelig såret av en maskinpistolsalve fra kloss hold i Gloppedalsura. (Tegning: Hauge)



Veien langs Vinjevatnet sørvestover mot Veen.



Gården Veen som tyskerne brukte som sykestue. Her ble det gravlagt 12 tyske soldater. Sommeren -45 ble de gravd opp igjen og tatt med til Stavanger.

Kaptein Klunderuds styrke rådde over 2 brukbare mitraljøser, 19 maskingeværer og 246 geværer. Soldatene hadde sovnet og frosset her i kulda hele natta til 22. april. De norske soldatene hadde tidligere sprengt veien ved Vinjevatn på flere steder. For å hindre at tyskerne skulle komme seg over vannet som var islagt, ble det sprengt en råk på tvers av vannet.

*

TYSKAR-GRAVPLASSEN PÅ VEEN

*Tyskargravene på Veen, vinteren 1941. Taletta Veen står ved den førebels gravplassen til tolv tyske soldatar som fall i slaget i Gloppedalen 22.4.1940. To år etter flytta tyskarane dei døde til Stavanger. Seinare vart dei flytta til Trondheim. Gravplassen låg på ytre Monen, i nærleiken av den noverande campingplassen på bnr. 12. Det er sett opp steinar rundt denne provisoriske krigsgravplassen.
Foto: Ukjend.*



*

KJELDER

1. Dalane Tidende 27/4-2015, intervju med Anders Veen.
2. Tegninger og tekst fra «Bygda i krig» av Herman Henriksen 1983
3. Tekst og foto fra «Bjerkreimboka II» av Lisabet Risa 1998

Aaland Gård, mai 2015
Paul Tengesdal